

ÅRSMELDING 2022

Klivrelaget

Styret 2022

Leiar:	Tobias Hatløy
Nestleiar:	Jon Kåre Myrvågnes
Styremedlemmar:	Lisbeth Longva, Carl Arthur Sunde, Jan Einar Hovden, Mateo Souto og Hans Olav Lee.
Varamedlemmar:	(ingen vara da alle blei innlemma i styret)
Revisorar:	...
Valkomite:	Leif G Brandal
Kontrollkommitte	Henning Langeland og Sindre Moltu

Styret sine aktivitetar

Vi har holdt styremøter omlag kvar 3 månad og kommunisert ein heil del via internett underveis for å ta tak i saker som dukker opp. Styremedlemmane har stått på og gjer ein god innsats for at klatring skal vere ein rimeleg og tilgjengelig aktivitet i nærmiljøet. Å drifte hallane til klivrelaget er ei solid arbeidsmengde. Så det blir jamt over noko å ordne opp i eller forholde seg til. Gjennom det siste året har interessa for å bygge buldrehall blitt større og større. Noko vi tek sikte på støtte oppunder vidare.

STYRET

Nytt styre vart kontinuert etter årsmøte i 2022. Tobias fortsatte som leiar og Jon Kåre fortsatte som nestleiar i styret.

Booking og vakter	Lisbeth
Medlemsansvarlig	Jan Einar
Eventer, media	Hans Olav Lee
Økonomiansvarlig	Carl Arthur Sunde Røkke
Ungdomsrepresentant	Mateo

DRIFT AV KLATREVEGGEN PÅ ULSTEIN ARENA

Etter fjorårets kontraktsforhandling har det i år vore lite støy tilknytta bruken av Ulstein Arena. Vi har forsøkt å legge all betaling av drop-in via resepsjonen, men ikkje implementert det fullt og heilt da vi avventar suksess. Resepsjonen har au teke inn noko klatreremedier og selger på si. Blant anna klatreførarane for sunnmøre.

Aktiviteten virkar å vere litt lavare enn før korona, men stigandes.

DUGNADEN på Ulstein Arena

Vi fekk gjennomført den i god stil i slutten av november. Alle taka blei tatt ned, klatretak blei vaska, festepunkt til veggen og alle hengarane blei sjekka. Årets ruteskruar var Leif Gunnar og to kara frå volda. Sluttresultatet blei eit ruteutvalg som dekkja behovet til dei fleste klatrarane. Dermed vart det mindre behov for lokal ruteskruing, sjølv om ei rute eller to har kome på plass. Det var godt med deltakelse og god ånd for å kome i mål med årets jobb. I etterkant er majoriteten fornøgd med ruteutvalget...dog kan det aldri bli nok ruter på grad fire og fem. Så vi har forsøkt å etterkome dette i etterkant av dugnaden. Så kan ein stille seg spørsmålet om rutegraderingane blei gode i år og det er difor vi manglar nokon grader i veggen?

DUGNADEN i siloen

På same tidspunkt som dugnaden på Arena blei det i år gjennomført vasking av klatretak tilknytta moonboardet. Ære til Håkon Igland for innsatsen her.

NETTSIDE

Er stadig under oppdatering og her ønsker ein å formidle prisar, åpningstider, klubbinformasjon, klatrefelt og svar på vanlege spørsmål. Aktivitet i klubben forsøker vi å publisere gjennom Facebook og Instagram. Trenger at klubbmedlemmer sender inn bilde så det blir meir aktivitet på gruppene.

BOLTING PÅ UTEFELTA

Tore Lundberg styrer fortsatt på ytre strøk og har fått lagt inn fleire nye ruter på Blåfjellet og andre felt i nærområdet. Vi har også fått eit tradfelt i nærheita av Blåfjell. Dette må sjekkast ut meir ila dei komande åra.

Tore har også laga til eit felt ut forbi Larsnes som må sjekkast ut når våren siger på plass.

Det er tiltenkt å satse på Roppehornet og Gåsneset ila 2023. Kanskje bør vi også kike litt på Vetten og Kjerringa også i dei komande åra. Her er rutepotensiale av lengre sort. Det blir då viktig å avtale med grunneigar før ein begynner på slikt. Det gjelder også det gamle feltet på dimna om ein skal utføre dugnadsånd der.

Ellers har forbruket av boltar gått noko ned det siste året. Så lageret på Ulstein Arena er fortsatt godt supplert.

KLUBBAKTIVITET

Det er blitt gjennomført ein del brattkortkurs ila 2022. Vi har forsøkt å holde oppsatt plan for skape eit forutsigbarheit på når kursa er samt at ein får tid til reklamering og organisering i forkant. Foreløpig har alle kurs hatt god deltakelse og etterspørselen er større enn tilbudet. Foruten om klatrekurset i november som blei avlyst.

Vi har ikkje arrangert klubbssamling ila 2022. Sidan fleire i styret har hatt nok med å forsørge sine nye klatrekrabatar. Håpet er å kome tilbake med dette i 2023. Vi har i budsjettet for 2023 lagt inn midler til å betale for guiding på klatresamlinga. Noko vi hadde god erfaring med i 2021 som var kjekt for mange.

Ila hausten har aktiviteten vore ok i hallen. Offshoregutta regjerer på dagtid og A4-folket herjar hallen på kveldstid. Så det lovar godt. Vi ønsker å fortsette med juniorklatring i 2023 for å få med den yngre garde. Men det manglar litt på oppmøte og instruktører til å holde ein jamn dur på opplegget.

Klubbklatringa er noko haltande og trenger at fleire deltek for å kunne holdast oppe. Ein får vurdere om dagen ikkje er ein god dag for folk flest å flytte denne slik at oppmøte blir større. Det ligger eit forslag på bordet om å gjere tirsdagen om til ein klubbdag og dermed slå i hop dame, junior og klubbklatring til ein kveld. Då med junior frå 18:00 og klubbklatring frå 19:00 for både kvinner og menn. Dermed ville ein kunne frigjer enda ei kveld i hallen til medlemmane.

MEDLEMSTALL

Kategori	2021	2022
Antall medlemmar	252	277 (36 som ikkje per 20.02.23)
Treningsavgift	176	159 (31 ubetalte per 20.02.23)
Kvinner	76	94
Menn	104	118
Barn	72	65

ØKONOMI

Økonomien går godt. Vi har kjøpt inn etter beste evne og har investert for å gi tilbake til medlemmane. Det gjelder klatretak, boltar, drill, verktøy, utstyr til utlån og fornying av klatresiloen. Vi har siste året også støtta medlemmar til å ta instruktørkurs. Noko vi ønsker å fortsette vidare med.

-

Prosessene med å bygge buldrehall går treigt da vi venter stadig på avklaring med Hasundgot IL. Planane for bygget er no klart, men avtalen mellom kommuna og HIL er ikkje på plass. Vi har fått eit anslag på pris for å leige rommet som vi kan bygge ein buldrehall i, men foreløpig har det høg kostnad å gjennomføre dette at vi må ta diskusjonen opp i plenum.

Sannsynligvis vil kostnaden for å etablere buldrehall på Hasundgot vere noko slikt:

Leige av lokalet	14 - 15 000,- pr mnd
Straum	?
Bygge isolerande vegg	1 000 000
Bygge buldrevegg	2 - 2.5 000 000
Klatretak	300 000

Noko som vil tilsvare ei 25 000,- pr mnd for klivrelaget. Det er pengar vi ikkje har per i dag. Så her må det til ei stor innsamling av pengar for å kunne etablere ein slik hall. I mellomtida har vi då undersøkt fleire lokalitetar. Kan då nemnast bilhallen på Skeide, turnhallen på skeide, ein hall på Raftenestet(hareid) og UVS. Desse andre lokasjonane er billigare i etableringa, men vil gi dårligare tilgang. Mest aktuelle er trulig turnhallen på Skeide. Spørsmålet er å kva leigeprisen eventuelt blir.

Planen vidare er å opprette ein kommite som kan jobbe med prosjektet vidare. Der første oppdrag blir å finne pengane og så prosjektere hallen. Så her trengst det nokon gira sjeler som kan bidra.

Foreløpig status er at vi ikkje kan takke ja til prosjektet med Hasundgot da det vil ruinere klubben og bryte med prinsippet om billigst mulig klatring til folket.

Alt dette skal vi forsøke å informere om på årsmøte for å så ta diskusjonen og forhåpentligvis kome fram til ein plan.

Årsberetning - Klivrestyret 2023